

Vaksdal/Modalen Skyttarlag

17.06.2022

Skjerjavegen 60

V/Trygve Mjelde

5729 Modalen

Vaksdal Kommune

Konsul Jepsengate 16

5722 Dalekvam

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ VILT/MYSTERFOND TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANE

Vaksdal/Modalen Skyttarlag har i dag eit utandørs skyteanlegg i Litlevika på Eidsland der det er 100- og 200-meters bane. Dette var, den gong det vart bygd på 1990-talet, eit topp moderne skyteanlegg med elektroniske skiver, som har tjent skyttarlaget og medlemmane godt i alle år. Etter kvart har tida begynt å tære på det elektroniske anlegget. Dette er dyre komponenter og det som var topp moderne på 90-talet er i dag avleggs og kan ikkje erstattast. Ei oppgradering er difor heilt nødvendig.

Me gjorde ei stor oppgradering i 2019 som me fekk stønad til. Dette var me særst takksame for og det var heilt nødvendig. Den gongen var det alt av signal/kabelsystem og strømforsyning frå standplass til skivene som var bytta ut. Denne gongen er det skjølve skivene som treng byttast ut. Skiveenhetane me har i dag er dei same som på 90-talet. Desse er avlegst og treng mykje vedlikehald og det begynner å verte både vanskeleg og veldig dyrt å få tak i delane som trengs til vedlikehaldet. På grunn av det me gjorde i 2019 med å få nytt kabelsystem kan me no gå over til siste generasjons elektroniske skiver som kan nytta dei same kablane. Desse krever nesten ikkje vedlikehald samstundes som dei er mykje meir pålitelege. Pålitelege skiver er alfa omega når f.eks jegere skal trene til jakta. At skivene viser der kula faktisk treff er essensielt. Me har dei siste åra vore naudt til å strenge ned fleire av skivene pga dei ikkje har vore til å lite på. Dette er til stor frustrasjon, men nødvendig for å unngå problem med skadeskyting pga våpen som ikkje er godt nok innskote. Me kjøper inn nye deler men det er dyrt og dei varar ikkje lenge. Nye skiver kostar. Me har no fått tilbod på 2 stk til ein samla pris på 132.725,-. Desse er av ein heilt anna kvalitet enn dei me har i dag. Pga situasjonen i verda er prisane på raskt veg oppover og det er vanskelig å få tak i komponentar og det er venta at prisane vil stiga ytterlegare. Det er dessverre ikkje mange leverandører av denne type tjenester. Berre 1 i Norge av den typen me nyttar. Me søker herved om stønad på kroner 50000. Me søker Modalen kommune om det same og resten dekkar skyttarlaget av egen kapital. Arbeid med montering vert gjort på dugnad.

For Vaksdal/Modalen Skyttarlag

Trygve Mjelde